



Regelverk for kåring av gammalnorsk sau (villsau) 2021

Værlam som skal kåres etter reglene for Gammalnorsk sau skal

- Ha rasekode 15 gammalnorsk sau i Sauekontrollen
- Ha registrert far og mor i Sauekontrollen, begge med rasekode 15
- Være rasereint (minst 7/8 gammalnorsk sau).

Kåring av gammalnorsk sau følger NSGs generelle kåringsregler. Spesifisering i forhold til de generelle reglene er angitt nedenfor.

- Far til lammet bør være kåra av NSG. Er far ukåra kan værlammet likevel kåres på ordinært vis.
- Værlam uten rasetypiske horn skal vrakes.
- Værlam med mer enn 2 speneanlegg skal vrakes.
- Værlam med en spæl som er lengre enn 18 cm skal vrakes.
- Ullfellen vurderes ikke ut fra klassifiseringen i Norsk ullstandard, men ut fra dyrevelferd for dyret (isolasjon mot vær og vind som uteganger).
- Lammet skal ha registrert høstvekt. Vekta ved kåring *bør* være mellom 28 og 40 kg. Det beregnes ikke korrigert høstvekt og heller ikke avvik fra buskapsmiddelet.
- Rasen får ikke beregnet O-indeks.

Egenskaper som inngår i vurderingen ved kåring av Gammalnorsk sau

Egenskap	Skala	Ordinær kåring Krav	Dispensasjon Krav	Sum kåringsp.
Kropp	5 – 10 poeng	Minst 6	Minst 6	Ja
Beinstilling	5 – 10 poeng	Minst 6	Minst 6	Ja
Horn	5 – 10 poeng	Minst 6	Minst 6	Ja
Manke og ragg	5 – 10 poeng	Minst 6	Minst 6	Ja
Rasepreg	5 – 10 poeng	Minst 6	Minst 6	Ja
Sum kåringspoeng		Minst 35	Minst 32	

Dommerveiledning

Om rasen

Rasen har unike eigenskapar i form av at sauene er tilpassa det landskapet dei historisk har levd i, og ei driftsform der dei i stor grad har greidd seg sjølve. Enkle lammingar, sterkt flokkinstinkt, motstandskraft mot sjukdom, evna til å byggje opp feittreservar, dobbel ullfell, at dei feller ulla, godt morsinstinkt og nøysemd er svært viktige trekk for rasen. Rasen gjev relativt små slakt samanlikna med mange nyare saueraser, men gjev kjøt av høg kvalitet og med ein unik smak. Det viktigaste for rasen er at *dyra skal vere funksjonelle*, det betyr at eigenskapane deira skal sikre god dyrevelferd under utedrift, i kystlynghei som dei historisk er knytte til.

Gammalnorsk sau er ein rase med stort genetisk mangfald. Dette skal takast vare på.

Kropp

Legg størst vekt på følgjande punkt:

- Hellande og romsleg kryss med god form.
- God over- og underlinje.
- God kjøtsetnad i rygg og lår.



Bein

Legg størst vekt på følgjande punkt:

- Smekre og spenstige bein.
- Rettstilte med gode kodeledd.
- Ullfrie med markert avgrensing mot ullfellen.

Horn

- Kraftige, symmetriske horn, med godt løft og vridning utover for god avstand.

Manke og ragg

- Markert manke og ragg (NB: Ta omsyn til lammetidspunkt).
Dyr utan manke/ragg skal ikkje kårast.

Rasepreg

Legg størst vekt på følgjande punkt:

- Vaken og høgrest framtoning.
- Ullfellen skal ha tett botnull m/dekkhår og vera utan midtskil på ryggen.
- Ull i panna vert ikkje rekna som rasetypisk.
- Dyr med ull nedover beina skal ikkje kårast.
- Kort, glatthåra og tilspissa hale
 - Halen skal ikkje vera lengre enn 18 cm
 - Ull på øvste 1/3 av halen vert godkjent.
- Horn vert dømt under eigenskapen «Horn»
- Manke og ragg vert dømt under eigenskapen «Manke og ragg»

Vêrlam til kåring som er fødd til normal tid, bør ikkje vere under 28 kg og ikkje over 40 kg levande.



Tørr og spissa spæl



Måling av spællengde.
Lengda vert målt fram til tuppen på vevet.



Raseskildring

Eigenskap	Skildring
1. Horn hanndyr	Vêrar skal ha store, krølla horn. Desse må ha ei slik utforming at dei ikkje veks inn i nakke eller kjake. Mellom hornfesta i skallen skal det helst vere eit mellomrom i fingerbreidde. Vêrar utan horn er ikkje rasetypiske.
2. Horn hodyr	Det er rasetypisk med både horna og kolla hodyr. For hodyr med horn, bør dei vere velforma, symmetriske og med solide feste, og utan fare for å vekse inn i skallen.
3. Ulltype Krav til lengde etc.	Ullfellen skal vere tolags med fin botnull (tel) og grovare dekkull (tog) og innslag av grove hår, der dekkulla er regnfrakk, botnulla gjev isolasjon og grove hår gjev struktur. Det er vanlegvis mykje meir botnull enn dekkull. Innslag og lengde av dekkull og grove hår varierer mykje, både i fellen på einskilddyr og individuelt mellom dyra. Det betyr at det innan gammalnorsk sau kan vere både langhåra og korthåra variantar. Ullfellen er skarpt avgrensa utan "småull" nedover beina. Ullfellen må vere tett og god utan midtskil på ryggen. Vêrane skal ha fyldig manke og ragg med god avgrensing mot resten av fellen. Ein del hodyr har også tydeleg manke.
4. Fargar	Alle fargar og kombinasjonar av fargar er tillate. Det er ynskjeleg å ta vare på alle fargevariantane.
5. Vekt vaksne hanndyr	45-65 kg (haustvekt) Vêrlam til kåring som er fødd til normal tid bør ikkje vere under 28 kg og ikkje over 40 kg levande.
6. Vekt vaksne hodyr	30-50 kg (haustvekt)
7. Spæl	Er kort, rett (13-18cm), ikkje ulldekt, berre dekkhår (tørr).
8. Hovud	Smektert hovud med små, skrått oppståande øyrer. Ull i panna er ikkje rekna som rasetypisk.
9. Hals	Forholdsvis opprett hals.
10. Kropp	Rund og godt kjøtsett.
11. Kryss	Krysset skal være hellande.
12. Føter	Beina skal være lange, smekre, ullfrie og rettstilte utan svake kodeledd. Klauvene skal være faste og kan ha alle fargar.



Hovud: smekkert med små øyrer
og utan pannelugg/kinnskjegg

Horn: symmetriske,
med godt løft og god avstad

Manke og ragg:
godt markert



Bein: smekre og spenstige bein.
Ullfrie med markert avgrensing
mot ullfellen